



Cardo 8614 AS  
Øvre Blekeveien 20  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6316 - 22/25246

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:  
02.05.2022

## **Avvising av planinitiativ Nordhordland Miljøpark gbnr 177/5 og 6 m. fl. ved Kjevikdalen**

### **Om førespurnad til oppstart av planinitiativ**

Vi viser til innsendte førespurnad om regulering av området ved Kjevikdalen, gbnr. 177/5 og 6 m. fl.

### **Planinitiativ kan ikkje tilråddast**

Kommunen har vurdert førespurnaden og finn ikkje å kunne tilrå igangsetjing av privat reguleringsarbeid av det nemnde området.

Planinitiativet har ikkje skildra kva type arealformål detaljreguleringa får, men det er skildra ønska tiltak i planforslaget. Kommunedirektøren konkluderer med at detaljreguleringa er ønska/tenkt med arealformål for kombinert formål Næring (sosikode 1300), -og Andre typer bebyggelse og anlegg (sosikode 1500) som fjernvarmeanlegg og avfallsanlegg/forbrenningsanlegg med reinsing og resirkulering av massar. Vidare synes det at planinitiativet skal regulere for eit asfaltanlegg, eit område for drivhus for grønsaker og planter, samt ein større kai for fraktebåtar ved sjøen.

Sorteringsanlegg for forureina massar

- Det er opplyst at sorteringsanlegget for forureina masser er tenkt opp til tiltaksklasse 5. Massane skal vaskast, reinsast/klargjerast for gjenbruk og restdeponering i opent/delvis overbygget anlegg. I det opne anlegget er «avfallshaugane» anslått med ei høgd på ca. 12 meter, medan det i lukka anlegg er anslått at «avfallshaugane» treng eit overbygg på om lag 15 meter.

Avfallsanlegg/Pyrolyseanlegg

- Restavfallanlegget er tenkt etablert som eit pyrolysebehandlingsanlegg (gløding ved høg temperatur).

- Drivhus

Samla areal på drivhus er anslått til 20 000m<sup>2</sup> fordelt på 10-20 hus. Desse er tenkt at skal nytta nærvarme frå pyrolyseanlegget, som igjen skal produsere drivhusvarer som grønsaker, blomster og planter m. m.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

I planinitiativet skriv forslagsstillar at samkøyinga av desse verksemda innafor same planområde vil gje store synergi bidrag til redusert CO2 utslepp. Det blir lagt fram at denne lokaliseringa i nærheit til eksisterande avfallsanlegg til NGIR i Kjevikkdalen er ein fordel med tanke på inntransport til anlegg andre stader i landet og utlandet, og at NGIR kan nytta planlagt pyrolyseanlegg mot å frakta denne typen avfall ut av området.

### **Grunngjevinga**

Planinitiativet kan ikkje tilrådest. Dette skuldast i hovudsak at planinitiativet er i strid med overordna plan. Området ligg som LNFR i Kommunedelplanen for Lindås 2019-203, KDP\_L, Planid. 1263-201805, og innafor 100 meters belte til sjø. Planavgrensinga grensar itillegg til Lurefjorden, der forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim er gjeldande.

KDP\_L vart rullert i 2019, i denne prosessen var det ikkje sendt innspel for å endre arealformål for nemnde område frå LNF.

Marine vernesona for Lurefjorden og Lindåsosane tredde i kraft juni 2020.

Planinitiativet viser til å regulere for kombinert formål Næring (sosikode 1300), og Andre typer bebyggelse og anlegg (sosikode 1500) som fjernvarmeanlegg og avfallsanlegg/forbrenningsanlegg med reinsing og resirkulering av massar i dette arealformålet. Det synes også at planinitiativet skal regulere for drivhus og ein større kai for fraktebåtar ved sjøen.

LNFR- området på gbnr 177/5 og 6 er ikkje eit byggeområde for denne typen tiltak. I LNFR- områda er det kun tillat med bebyggelse direkte knytta til landbruk, natur og friluftsliv og reindrift.

Innanfor 100 metersbeltet langs sjø skal det tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det er ikkje tillat med tiltak nærare sjøen enn 100 meter frå strandlinja målt frå horisontalplanet ved alminneleg høgvatn.

Vernebestemmelsene er ikke til hinder for aktivitet på land, isolert sett. Men dersom nye tiltak på land fører til avrenning eller forurensing til det verna området slik det gjer her, blir det stilt krav til nivået av denne påverknaden. Eit evt. løyve her skal handsamast etter forureiningslova og naturmangfaldslova si miljørettsprinsipp. Krava er høge, og Lurefjorden er ikkje noko god resipient. I dag pågår det alt eit arbeid for å redusera eksisterande utslepp frå avfallsanlegget til NGIR, som tilseier at eksisterande belastning allereie er høgt i dette området. Kommunedirektøren antar at det vil vera krevjande forhold som må innfris for å få eit nytt løyve i dette området.

Tekniske inngrep som etablering av kai i vernesona er ikkje tillat.

Infrastruktur, samt fleire andre forhold og problemstillingar må vera avklart på et overordna nivå før ein går til detaljplan.

### **Kva skjer vidare?**

Avgjerda kan ikkje påklagast, men forslagsstillar kan krevja å få lagt fram planinitiativet til kommunestyret for endeleg handsaming.

### **Lovgrunnlag**

Kommunens høve til å stoppe eit planinitiativ er heimla i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd og ved forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering, jf. § 4.

### **De kan få innsyn i saksdokumenta**

De har rett til innsyn i saksdokumenta og kan følgje saka på nettsidene våre under [lenke til innsyn](#).

### **Har de spørsmål?**

Har de fleire spørsmål i høve til dette er de velkomne til å ta kontakt med planavdelinga.  
[Merethe.Tvedt@alver.kommune.no](mailto:Merethe.Tvedt@alver.kommune.no)

Er det ynskjeleg at kommunen skal revurdere arealbruk for området har ein tilgang til å sende inn innspel ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Med helsing  
Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Merethe Tvedt  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Cardo 8614 AS

Øvre Blekeveien 5003  
20

BERGEN

PEP - Portable Energy Plant AS v/  
Olav Magne Kvamme

Seimstranda 502 5912

SEIM